

Reglar for utlån og fordeling av treningstid i Bø skule fleirbrukskall

Generelt

Bø skule fleirbrukskall kan leigast ut til alle registrerte lag og organisasjonar heimehøyrande i Hå kommune. Leige av hallen til lag og organisasjonar i kommunen er gratis* til trening, kamp eller liknande ordinære lagsaktivitetar.

* Gratisregelen gjeld ikkje for større inntektsj gevande arrangement.

For utleige til private, andre lag og organisasjonar eller til større arrangement gjeld legeisatsar fastsett av Hå kommune.

Faste treningstider i Bø skule fleirbrukskall er måndag til fredag kl.16:00 – 23:00.

Hallen er stengt i skulen sine feriar.

Utleige må ikkje vera til hinder eller ulempe for Hå kommune si verksemد i samsvar med lov, forskrift eller vedtak. Legetakar må vike plass for arrangement i regi av Hå kommune.

Varsling må skje minst 14 dagar på førehånd.

For å få tildelt treningstid må laget/klubben søke på eige elektronisk søknadsskjema på www.ha.kommune.no

Søknadsfrist er 1. mai

Fordeling av timer/dagar vert fastsett innan 1. juni for påfølgjande skuleår.

Tildeling av treningstider

Hå kommune fordeler treningstider til idrettslag tilslutta Norges Idrettsforbund (NIF) etter tilråding frå Hå idrettsråd.

Hå kommune fordeler tid til andre søkergrupper dvs. andre enn idrettslag tilslutta NIF.

Organiserte lag som er medlem av NIF, via Hå Idrettsråd, er prioritert ved tildeling av treningstider. Inneidrettar (t.d håndball, turn) blir prioritert før uteidrettar (t.d. fotball). Grunna klisterforbod i hallen vert det ikkje tildelt brukstid til håndballlag frå og med 14-årglassen og eldre.

Det vert og sett av halftid til andre organisterte kulturaktivitetar.

Uorganiserte lag og privatpersonar vil kun bli tildelt treningstid viss det blir ledig tid etter at organiserte lag og grupper har fått tildelt sine timer.

Barn og unge under 19 år er prioritert fram til kl.21.00 , yngste utøvarar får så langt mogleg tildelt treningstid tidleg på ettermiddag/kveld.

Viss tildelt treningstid ikkje blir nytta, pliktar legetakar å gi melding til Hå kommune så snart som mogleg. Hå Idrettsråd/Hå kommune kan omfordеле tildelt treningstid ved behov.

For storbrukarar av hall (t.d. Nærø IL, Nærø turn) vert det ikkje gjort ei detaljert fordeling (dvs. kva timer kvart lag/undergruppe skal ha), men fordeling på overordna nivå.

Etter hovedfordeling vil ledige timer gjennom året, og eventuell søknad på desse, bli administrert av Hå kommune.

Kontoradresse:	Postadresse:	Telefon:	Telefax:	Org nr:
Rådhusg 8, 4360 Varhaug	Postboks 24, 4368 Varhaug	51 79 30 00	51 79 30 01	964 969 590

Leige i helger

Leige i helger til cup, seriespel eller andre arrangement må spesifiserast ved søknad om halltid. Frittståande arrangement må avtalast med administrasjonen på Bø skule.

Terminfesta kampar og seriespel er gratis for leidgetakrar i hallen.

Ordensreglar

- ❖ Generelle ordensreglar ved Bø skule gjeld for all bruk av fleirbrukskalla og tilhøyrande uteområde.
- ❖ Leidgetakar skal oppgi namn på minst ein person som ansvarleg kontaktperson. Dette skal oppgis i god tid før sesongstart. Ingen aktivitet skal setjast igang før dette er ordna.
- ❖ Leidgetakar er ansvarleg for å gje seg kjent med ordensreglar, brannvernreglar og reglar for bruk av utstyr som skal nyttast.
- ❖ Leidgetakar er ansvarlig for ro og orden, at ikkje uvedkommande har adgang til anlegget og at brukarane innan lag og grupper opptrer i samsvar med reglementet.
- ❖ Ved arrangement skal leidgetakar sørge for nødvendige vakthald (ordensvakt, parkeringsvakt, garderobebevakting, o.l.)
- ❖ Røyking og bruk av alkohol eller andre rusmidler er forbudt i hallen.
- ❖ Leidgetakar stiller nødvendig mannskap for plassering/rydding av alt utstyr som vert nytta. Alt idrettsmateriell som er brukt, også nett av alle slag, skal ryddast på plass etter bruk.
- ❖ Sleping av hardt utstyr på golv er strengt forbode.
- ❖ Ballspel skal ikkje utøvast andre stader enn i idrettshallen. For fotballspel er kun innandørsfotball tillatt bruk.
- ❖ Treningssko som set merke i golv er ikkje tillatt brukt i idrettshallen.
- ❖ Leidgetakar er ansvarleg og erstatningspliktig for skader på idrettsanlegg og utstyr. Eventuelle skader skal straks meldast til administrasjonen på Bø skule.
- ❖ Personar som bryt reglementet, viser usømmelig framferd eller på annan måte er til sjenanse for brukarar av hallen skal bortvisast av ansvarleg leidgetakar.

Håndballklister

- ❖ Det er ikkje tillate å bruke håndballklister i Bø skule fleirbrukskalla.
- ❖ Leidgetakar pliktar å sjå til at laga respekterer regel om klisterbruk. Ved brot på reglementet vil leidgetakar bli ilagt straffegebyr. Det vil og kunne føra til utestenging av håndballaktivitetane.